

## KOMMISJONSVEDTAK

2012/EØS/5/17

av 22. desember 2006

**om fastsetjing av overgangstiltak for visse produkt av animalsk opphav som er omfatta av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 853/2004 og er innførde til Bulgaria og Romania frå tredjestatar før 1. januar 2007(\*)**

[meldt under nummeret K(2006) 7019]

(2007/29/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til tilmeldingstraktaten for Bulgaria og Romania, særleg artikkel 4 nr. 3,

med tilvising til tilmeldingsakta for Bulgaria og Romania, særleg artikkel 42, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Bulgaria og Romania vert tilmelde til Fellesskapet 1. januar 2007. Visse produkt av animalsk opphav frå tredjestatar som er innførde til Bulgaria og Romania frå tredjestatar før denne datoen, stettar ikkje dei relevante fellesskapsføresegnene som er fastsette i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 853/2004 av 29. april 2004 om fastsettelse av særlege hygieneregler for næringsmidler av animalsk opprinnelse<sup>(1)</sup>.
- 2) Nokre av desse produkta er vortne frigjevne for fri omsetning i Bulgaria og Romania, medan andre enno ikkje er vortne kontrollerte av tollstyresmaktene og framleis er under tilsyn av desse i dei to statane.
- 3) For å lette overgangen frå den eksisterande ordninga i Bulgaria og Romania til den ordninga som følgjer av bruken av fellesskapsregelverket, bør det fastsetjast overgangstiltak for marknadsføringa av desse produkta.
- 4) Det bør òg fastsetjast at produkt som ikkje er i samsvar med fellesskapsregelverket, ikkje kan innførast til andre medlemsstatar. Dei bør berre marknadsførast på heimemarknadene i Bulgaria og Romania, eller eksporterast til ein tredjestat på høvelege vilkår. Dei produkta som ikkje stettar krava, bør heller ikkje handsamast ved verksemder som har løyve til å sende produkta sine til Fellesskapet, samstundes som det vert teke omsyn til at det noverande systemet for sporing ikkje er tilfredsstillande.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 8 av 13.1.2007, s. 57, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 150/2007 av 7. desember 2007 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold) og vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 26, 8.5.2008, s. 6.

<sup>(1)</sup> TEU L 139 av 30.4.2004, s. 55, retta ved TEU L 226 av 25.6.2004, s. 22. Forordninga sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 2076/2005 (TEU L 338 av 22.12.2005, s. 83).

5) Dei produkta som eitt år etter tilmeldingsdatoen enno ikkje er eksporterte eller er vortne frigjevne for fri omsetning i desse to statane, og som framleis er på lager under tilsyn av tollstyresmaktene, bør destruerast.

6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

**Verkeområde**

Dette vedtaket skal nyttast på produkt av animalsk opphav som

- a) høyrer inn under verkeområdet for forordning (EF) nr. 853/2004, men som ikkje stettar krava i den nemnde forordninga, og
- b) vart innførde til Bulgaria og Romania frå tredjestatar før 1. januar 2007.

*Artikkel 2*

**Produkt av animalsk opphav som er frigjevne for fri omsetning før 1. januar 2007**

1. Dei produkta som er nemnde i artikkel 1 (heretter kalla «produkt av animalsk opphav») og er vortne frigjevne for fri omsetning i Bulgaria og Romania (heretter kalla «dei nye medlemsstatane») før 1. januar 2007, kan berre marknadsførast på heimemarknaden fram til 31. desember 2007.

Produkta av animalsk opphav

- a) må ikkje handsamast ved verksemder som har løyve til å sende produkta sine til andre medlemsstatar, og
- b) må vere påførde det nasjonale merket i samsvar med dei nasjonale reglane i den nye medlemsstaten som det gjeld, på datoen då dei vert frigjevne for fri omsetning.

2. Medlemsstatane skal i samsvar med rådsdirektiv 89/662/EØF<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 3, syte for at medlemsstatane ikkje driv handel seg imellom med produkta av animalsk opphav.

3. Som eit unntak frå nr. 1 kan medlemsstatane fram til 31. desember 2007 gje løyve til eksport av produkta av animalsk opphav til ein tredjestat på følgjande vilkår:

- a) eksporten må gjennomførast i samsvar med artikkel 12 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 178/2002<sup>(2)</sup>,
- b) kvar sending må fraktast direkte til tredjestaten under tilsyn av den rette styresmakta, utan å krysse territoriet til andre medlemsstatar,
- c) kvar sending må eksporterast i eit transportmiddel som er forseгла av den rette styresmakta, og forseglingane må kontrollerast på utførselsstaden i den nye medlemsstaten.

*Artikkel 3*

**Produkt av animalsk opphav som er innførde til dei nye medlemsstatane, men som ikkje vert frigjevne for fri omsetning før 1. januar 2007**

1. Dei føresegnene som er fastsette i nr. 2 og 3, skal gjelde for produkt av animalsk opphav som er innførde til dei nye medlemsstatane, men som ikkje vert frigjevne for fri omsetning i dei nye medlemsstatane før 1. januar 2007.

2. Produkta av animalsk opphav kan frigjevast for fri omsetning i dei nye medlemsstatane eller sendast til ein tredjestat i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i artikkel 2.

3. Frå 1. januar 2008 skal alle sendingar med produkt av animalsk opphav som er under tilsyn av tollstyresmaktene, destruerast under kontroll av den rette styremakta.

Alle utgifter til slik destruksjon skal påførast eigaren av sendinga.

*Artikkel 4*

**Iverksetjing**

Dette vedtaket skal nyttast med atterhald for og frå den datoen då tilmeldingsakta for Bulgaria og Romania tek til å gjelde.

*Artikkel 5*

**Adressatar**

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 22. desember 2006.

*For Kommissjonen*

Markos KYPRIANOU

*Medlem av Kommissjonen*

<sup>(1)</sup> TEF L 395 av 30.12.1989, s. 13.

<sup>(2)</sup> TEF L 31 av 1.2.2002, s. 1.